

Årsberetning 2018 – Gløde AS

Verksemdas art og lokalisering

Gløde AS er ei arbeidsmarknadsbedrift som produserer og leverer mange ulike varer og tenester til næringslivet og til det offentlege. Gløde AS jobbar for å inkludera personar i arbeidsmarknaden gjennom ulike tiltak. Verksemda opererer innan arbeidsformidling, rettleiing, arbeidsavklaring, aktivitetstenester, produksjon av varer i tre, metall, glas, pakking og logistikk, vaktmestertenester catering, pakking og utkøyring av jobbfrukt.

Gløde AS sin forretningsadresse og administrasjon: Havnevegen 11, 5918 Frekhaug. Vi har følgjande eigne bygg: Havnevegen 11 og 15, Frekhaug og Mjåtveitflaten 33-37, Frekhaug. Vi leiger kontorlokale i Hagellia 4, 5914 Isdalstø , C. Sundsgate 51, 5001 Bergen og Litlåsvegen 79, 5132 Nyborg.

Gløde AS er medlem av ASVL som ein landsomfattande samanslutning av tilsvarande verksemder, s.k. Vekst-bedrifter. Samarbeidet er hovudsakeleg retta mot arbeidsinkludering og hr-støtte og ivaretaking av våre interesser.

Fortsett drift

I samsvar med rekneskapslovens § 3-3 bekreftar vi at føresetnad for fortsett drift er til stades og denne føresetnaden er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Utgreiing av årsrekneskapen

Gløde AS har og i 2018 hatt fokus å sikre økonomisk overskot og gjennom det skape handlingsrom. Gløde AS har i fleire år vorte påverka av konjunkturnedgangen i verkstadindustrien som medførte betydeleg omsetnadssvikt på viktige område i verksemda. I 2018 er det resterande av råvare og delelager frå industriavdelinga sold.

Verksemda har sett i verk fleire kostnadsreduserande tiltak og tett budsjettoppfølging. Vi har m.a. gjennomført bemanningsreduksjon. Gløde AS er underleverandør i to anbodstiltak som har bidratt til auka omsetnad, men som isolert sett har hatt noko underskot og i 2018. Verksemda vart tilført nye tiltakslassar som har gjeve auka omsetnad og verkar positivt inn på økonomien.

Gløde AS er i stor grad påverka av dei endringar innan tenestekjøp for arbeidsmarknadsbedrifter. Reformar og anbodsutsetting kan påverka dei økonomiske ramane for vår drift. Utover dette er vi underlagt marknadskrefter innan dei produksjonsområde vi opererer under. Verksemda utarbeider budsjett som bygger på dei føresetnader vi kjenner og etter beste skjønn i høve til usikre faktorar.

Omsetnaden i Gløde AS redusert frå NOK 54,5 mill. i 2017 til NOK 50,5 mill. i 2018. Årsresultatet for 2018 er eit overskot på NOK 1.037 mill. Effektivisering av drifta og kostnadsreduserande tiltak gjer at verksemda er på rett veg i høve til økonomien.

De samla investeringane i Gløde i 2018 var NOK 0,205 mill.

Gløde AS sin likviditetsbehaldning var NOK 12286 mill. per 31.12.2018

Totalkapitalen var ved utgangen av året NOK 37.872 mill., samanlikna med NOK 39 mill. året før. Eigenkapitalandelen pr. 31.12.2018 var 28 %, og var pr. 31.12.2017 på 22,88 % .

Selskapet sin eigenkapitaldel er på nivå med tilsvarende verksemder som vi kan samanlikna oss med, og er innanfor det intervallet som selskapet sin leiing ser på som akseptabelt.

Arbeidsmiljø, likestilling og diskriminering

Arbeidsmiljøet er sett på som godt. Det er gjennomført arbeidsmiljøundersøkingar i alle avdelingar og det er ikkje rapportert store arbeidsmiljøutfordringar. Totalt sjukefråvær siste år har vore 6,1 % som er noko høgare enn føregåande år. Reduksjon av sjukefråværet er ei prioritert oppgåve.

Vi har hatt et arbeidsuhell. Vedkommende blei innlagt på sjukehus. Hendinga er rapportert, registrert som avvik, og behandla i AMU. Det er gjort tiltak for å forebygge denne type hendingar.

Verksemda har som mål å vera en arbeidsplass med full likestilling mellom kvinner og menn, og har innarbeidd retningsliner som forbyr forskjellsbehandling grunna kjønn. Av selskapets 75 tilsette er 41 kvinner og 34 menn. Selskapets styre består av 4 menn og 4 kvinner. Gløde AS arbeider aktivt for å forhindra diskriminering som følge av nedsett funksjonsevne, seksuell legning, etnisitet, nasjonalt opphav, hudfarge, religion eller livssyn. Dette omfattar blant anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremming, utviklingsmoglegheiter og skydd mot trakassering. Gløde AS har som målsetting å reflektera befolkninga i nærområdet. I tilsettingsprosessar vil ein likestilla søkerar uansett alder, kjønn, funksjonsevne eller kulturell bakgrunn.


Ytre miljø

Styret kan ikkje sjå at ein forureinar det ytre miljøet på skadeleg eller ulovleg vis. Avfall og papir vert kjeldesorterte etter NGIR sitt regelverk.

Gjennom 2018 har det vore stort fokus på reduksjon av verksemda si forureining. Forarbeidet til godkjenning som miljøfyrtårn i mai 2019 har involvert alle.

Frekhaug 21.05.19



Nils Marton Aadland
Styreleiar



Steinar Raa
Nestleiar


Anne K. Valle
Styremedlem


Anne Grete Eide
Styremedlem


Åshild Aamli
Styremedlem


Rune Myhr
Styremedlem


Ståle Juvik Hauge
Styremedlem


Bjørn-Arild Herfindal
Dagleg leiar